



22 vaksne og 4 barn har vore innom TI-aren denne tysdagen - det var med andre ord ikkje noko kjempebesøk men på det jevne.

På den andre sida vart det i dag introdusert noko som bør bli ein tradisjon.

Ein frisk kvartett bestående av Sella Hjørnevåg, Alf Hjørnevåg, Berit Harriet Døssland og Selma Eik stilte ved opningstid presis klokka 11 og gjekk ein rundtur på Neset før kafebesøket.

Turen var inspirert av det som vart sagt om aktivitetar under helselagsmøtet på AFA kvelden før.

- Dette er berre ein start, neste tysdag ventar vi at fleire går ein tur først. Det er sunt, og så smakar vaflane ekstra godt etterpå, meinte kvartetten som her nærmar seg mål.

(Foto: Ola Matti Mathisen)